

Takk!

Då eg den 30. juni d.å. slutta som lærar etter 42 års teneste i skolen, var det rett mange eg hadde lyst til å nå med ein handfast og hjarteleg takk. Men flokken er nok spreidd over heile verda, så det vert berre eit fåtall eg har von om å møte personlig. Derfor ber eg om spalteplass i pressa for desse tankane eg sit og brenn med, så veit eg dei når lengst mogleg.

Det er naturleg for meg no å ta det siste først. Eg tenkjer då på den framefrå stilege og koselege festen Gottesjord skolekrets heldt for meg til avskil, der skolestyret og var representert ved formannen og skoleinspektøren som bære møtte med fruer. Det heile var så godt planlagt og vellykket på alle vis at den vemodige stunda eg hadde grua for, vart ei styrkande gledesstund eg aldri vil gløyma. Der var næring både for sjel og lekam i rikt mon.

Takk alle i Gottesjord skolekrets både de som var møtt fram, og de som ikkje hadde høve til det. Den samme varme takk adresserer eg vidare til Sørreisa lærarlag, som hadde skipa til festmøte hos formannen for å heidre og glede meg ved avgang som aktiv lærer. Der var heller ingen ting spart eller gløymt. Det var eit verdigfullt samvær med all ynskjeleg kollegial hyggje. No tek eg dykk alle under eitt og takkar for alt, for gode ord og blomar, for kjære og varige minnegåver frå Gottesjord skolekrets, frå Sørreisa skolestyre, frå skoleinspektøren og frua og frå Sørreisa lærarlag. Takk for strevet med desse festlege arrangement, og mest takk for hjartevarmen som låg bak og bar det heile fram.

Eg har altid hatt lang skoleveg. Dei første 11 og eit halvt år i Sørreisa var avstanden mellom heimen og skolen 27 km, og dei siste 28 år 15 km. Dette har gjort at eg ofte har nytt godt av og trekt vekslar på hjelpsame og gjestmilde medmenneskes. Eg minnest dykk med takk. Venene mine på Øyjord som har gjeve varme og husly når eg ventar på neste buss, vert eg takk skyldig så lenge eg lever. Eg tenker på T.I.R.B. og dei pliktrue sjåførane som har køyrt rutane eg fylgte, når det høvde. Altid var dei like hyggjelege anten veret og føret var stygt eller fint, anten rutene gikk om natta eller dagen. Sjåførane møtte tenestviljuge med same gode humør og korrekte servise. Ved hjelp av skolebussane i Sørreisa og Lenvik og privatbilen ved Finnsnes Bokhandel har eg dei siste åra kome heim ein lyntur midt i veka òg. Andre bilistar har òg av og til fiska meg opp på skolevegen og bydd meg skyss. Takk skal de ha alle saman.

Til slutt skulle eg ynskja å nå elevflokkene. Den er ikke liten. Om vi kunne samlast, ville det kanskje verta for stort tidhefte å handhelsa i vår hektiske tid. På skolen var det alltid nok arbeide. Men vi freista nå målet utan å kava oss opp. Vi fann ut at di rolegare vi var di meire fekk vi gjort. Stundom hende det vi då fekk høvan til litt ekstra «kos». Så får vi no kosa oss i tankane då over dei faste handslag frå den tida. Det er ein rikdom ingen kan skattleggja eller ta frå oss. Eg har fått så mange lovord, takk og heider så mykje virak at eg kan ikkje ta imot alt aleine. Eg må få dela det med elevane mine i alle fall.

«Det er ingen sak med godtfolksbarn», sa ein av lærane i øvingsskolen til mitt kull, då vi skulle gå ut som lærarar. Problembarn og disciplinære vanskar har eg vore spart for. Derfor kjære elevar, vil eg no på fallreipet takka dykk alle, kvar de så er. Eg vonar dykkar nærmaste vil senda bladet til dykk som går til sjøs, eller bur langt fra barndomsheimen.

Så kan de og eg senda ein sams takk til heimane for deira innsats.

For meg personleg har det vore både gledeleg og interesant å fylgja framgangen i den bygda eg fekk lengste arbeidsdagen. Mange og store oppgaver er løyst i Sørreisa i seinare år, nye og store står for tur.

Eg takkar Sørreisa kommunestyret, funksjonærar og bygdefolket ellers for tida som er gått og ynskjer dykk lykke til i tida som kjem.

Finnsnes 31-7-1961.

Johanna Sættem Seljestad